



FO

Til kommmunedirektør i Surnadal kommune Lars Inge Kvande

**Uttale frå FO Surnadal på høyringsdokumentet Skule for framtida – grep for kvalitet og økonomisk berekraft.**

FO ser skulen som ein av dei aller viktigaste arenaene i barn og unges liv. FO organiserer mange miljøterapeutar i skulen. Dei er eit veldig viktig bidrag i laget rundt eleven, og har spesialkompetanse på barns psykososiale utvikling, relasjonskompetanse, konflikthandtering, observasjonskompetanse, diagnosar, støttande samtalar, kjennskap til tenesteapparatet rundt skulen og stå i utfordrande relasjonar og handtere utfordrande åtferd.

Vårt faglege fokus er i hovudsak retta mot barn og unge med spesielle behov. Samtidig kjem denne kompetansen alle elevane i klassen til gode.

Det er viktig med eit godt lag rundt barna som sikrar riktig hjelp til riktig tid. Vi viser til den nye barnevern og oppvekstreforma. Der vi utfyller ein sentral rolle saman med læraren rundt barnets indre lag i skulen.

Med bakgrunn i det som kjem fram i høyringsdokumentet vil vi i FO Surnadal fråråde å gå for alternativ 1. Men alternativ 2 og 3 kan vere aktuelt.

SUBUS har allereie ein pressa situasjon når det gjeld klasserom og grupperom som brukast til individuell tilrettelagt opplæring. **Vi er bekymra for at det går utover barn og unge med spesielle behov viss det kjem 120 ekstra elevar.**

Samtidig har SUBUS verdifull fagleg kompetanse som barna med ulike behov får nytte av dersom dei kjem dit.

Surnadal, 28.08.25

Mvh

Joanna M.Hyldbakk

Berit Bolme Reitan

HTV FO Surnadal

PTV SUBUS FO Surnadal